Varderekkja – Foto

Varderekkja som går parallelt med veitene. Dette er ein del av mellomaldervegen «Dølevegen» som gjekk frå Høydalen og over til Ormelid / Fortun og Skjolden for vidare varetransport med båt til / frå Bergen. Ferdsla tok slutt sist på 1800-talet etter kvart som det kom nye og betre samferdselstilbod til Lillehammer og Oslo. Bileta er frå ein helgetur hausten 2020 og bileta ligg i ei rekkefylgje frå vest (Bjørnstigen / Øvstestølen til Øvste Stølsdalen) ruta er ikkje gått opp etterpå og kvalitetssikra jfr om det er fleire vardar i området. Namna på vardane er heller ikkje kvalitetssikra, men namnsatt ut frå notat etter samtale med Erling Ormelid i 2010. strekningen med vardar frå øvst i Bjørnstigen til øvste Stølsdalen er ca 1,5 km.



Kan vera Øykjavarden – Øvstestølen ligg nedunder

Kan vera Storevarden – av typen styringsvarde – peikar rett mot Øvstestølen. Her var det viktig å halda retningen då det er stupe på båe sider av fjellryggen

Kan vera Dølevarden

Ein varde fremst og ein skimtar to bak i synsranda (sjå under)

Varden til venstre i bildet over – kan vera Nipevarden

Varden til høgre i bildet over – namn ukjendt

Nipevarden til høgre?

Varde til høgre – ved namnlaust vatn på 1260 m.o.h. Vetlaflui til venstre

Kanskje ein liten varde – *ein nødling* – svært mange av denne typen innover mot Storavatnet

Leirplass?

Varde over øvste Stølsdalen – namn ukjendt – sjå nederste bilete med raud ring (til høgre)

Varde over øvste Stølsdalen med utsikt mot Smørstabbtindane, Fanaråken og Horrungane

Stølsdøla i øvste Stølsdalen – dei to vardane oppe til venstre med raud ring. Bildet er teke frå skaret ned mot Stølsdøla.

Utsikt mot Smørstabbreen og Leirbreen i Lom